



Hjelmås Vvs As
Torvhusmyrane 2
5913 Eikangervåg

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/4587 - 22/43222

Saksbehandlar:
Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
07.06.2022

Godkjent røyrleggjarmelding - gbnr 311/10 Tveit øvre

Me viser til røyrleggjarmelding motteke 02.06.2022 med vedlagd situasjonsplan(VA-kart) og e-post av 03.06.2022 med tinglyst erklæring.

Adresse byggeplass: Vestbygdvegen 289
Type bygg: Eksisterande fritidsbustad
Type arbeid: Tilknytning kommunalt vatn og avløp

Røyrleggjarmeldinga er godkjend på følgjande vilkår:

Arbeidet skal utførast etter standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup, tekniske og administrative bestemmelsar.

Stikkledningar skal opparbeidast i samsvar med søknad om tilknytning, kap.2.1. Adm.bestemmelsar. Større endringar skal varslast underteikna. Ved behov for trykkauke/reduksjon visar vi til pkt. 2.1.3 i tekniske bestemmelsar.

Tilknytingsgebyr:

Gebyr vil bli fakturert etter gjeldande satsar.

Vi gjer merksam på at arbeidet skal ikkje igongsetjast før gebyr er betalt. Røyrleggjarfirma pliktar å undersøkje dette før oppstart.

Søknadsplikt etter plan og bygningslova:

Tiltaket kan vera søknadspliktig etter plan og bygningslova. Dette må avklarast med byggesak. Ev. gebyr for handsaming etter plan og bygningslova følgjer av gjeldande gebyrforskrift.

Ferdigmelding:

Når arbeidet er utført, skal det sendast inn ferdigmelding til kommunen med oppdatert situasjonsplan med innmålingsdata som bygd/sosifil. Situasjonsplanen skal visa røyrføring frå bygg til tilkopling offentleg ledning.

Av omsyn til kunde er det viktig at ferdigmeldinga vert sendt inn straks arbeidet er utført. Dette for å unngå etterfakturering av kommunale gebyr.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 3207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922
00

Hugs at søknad om godkjend ferdigmelding må sendast inn i god tid før ein skal søkja om midlertidig bruksløyve og/eller ferdigattest.

Endring av tilknytning til kommunalt vatn/avløp:

Alle endringar i ettertid, som medfører vesentlege endringar i vassforbruk eller utslepp, krev løyve frå kommunen, og skal omsøkjast. Søknad skal skje på røyrleggjarmelding KF-570.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bjørnar Onstad

Nilsavegen 27 5209

Os

Mottakarar:

Hjelmås Vvs As

Torvhusmyrane 2 5913

Eikangervåg